



Sogn og Fjordane
krets av NSF



ALLTID BEREDT

STYREMØTE

Skype, 22. januar 2014 kl. 20.00

Sakliste:

- 1 Gruppleiarsamling
- 2 Kretsstyret sitt arbeid i 2013
- 3 Gruppekontakt
- 4 Strategisk plan
- 5 Kretsmerke hos Speider-sport?
- 6 Samarbeid med KM-kretsen
- 7 Arrangementsplan
- 8 Kretsleir -> kvar/kven?
- 9 Diverse
 - 9.1 Oppsummering av JOTA/JOTI
 - 9.2 Ny bannerstong
 - 9.3 Møteplan?

Referat:

Til stades: Mats, Eirik, Frida, Ole, Trine, Remco og Wenche

Forfall: Ingen

Sak 1 **Gruppleiarsamling**

Gruppleiarsamlinga som var sett opp 19. januar, måtte dessverre gå ut. Kretsstyret har fått oppmoding om å få til ein ny dato før kretstinget i mars. Styret vart einige om å prøve 9. februar kl. 12 på Skei.

Mats sjekkar om det er ledig på Esso på Skei, og han bestiller samtidig lokalet til kretstinget. Samlinga skal vere for alle leiarar, og invitasjonen går ut snarast.

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

c/o Mats Brunsvik, Gate 3, nr. 31, 6700 Måløy

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no

Sak 2 Kretsstyret sitt arbeid i 2013

Kretsstyret har fått både skryt og kritikk for arbeidet i året som gjekk. Spesielt er vi sjølve positivt overraska over kor godt det fungerer med møte på Skype.

Vi ser at vi kan bli betre på oppdatering av nettsida og utsending/utlegging av referat. Dette skal vi ta tak i. Nettsida er likevel avhengig av at vi får inn stoff frå gruppene, og dette skjer sjeldan. Vi skulle også gjerne hatt ein eigen redaktør til sida, t.d. ein interessert rover.

Sak 3 Gruppekontakt

Ole har fått tilsendt terminliste frå Sogndal speidargruppe. Dei har gode aktivitetar framover, men dei ynskjer litt hjelp til opplegg for St. Georgsdagen. Ole og Eirik tek tak i dette.

Vi tek ein ny runde med gruppekontakt etter kretstinget.

Sak 4 Strategisk plan

Systrond 1 er den einaste gruppa som har sendt innspel til strategisk plan. Vi takkar for dette og tek det med oss for vidare arbeid på gruppeleiarsamlinga. Forhåpentleg kan dokumentet då bli så ferdig som mogleg, slik at det er klart for vedtak på kretstinget.

Sak 5 Kretsmerke hos Speider-sport?

Vi har fått førespurnad frå Speider-sport om vi ynskjer å selje kretsmerket vårt hos dei. Kretsstyret ser fleire fordelar med dette. Vi har eit lager på om lag 200 merke som vi då sel til dei. Kretsleiar og visekretsleiar går i forhandlingar om pris. Vi vurderer å halde att nokre av merka til gåver o.l.

Sak 6 Samarbeid med KM-kretsen

Det er ei stund sidan vi har hatt kontakt med KM-kretsen. Det er kanskje på tide med eit nytt styremøte, og det er også aktuelt å invitere dei med på KBK viss datoen blir klar tidleg nok.

Kretsleiar og visekretsleiar ser meir på dette.

Sak 7 Arrangementsplan

Det har sneke seg inn ein feil på oppføringa for Speideraksjonen i arrangementsplanen. Dette blir retta før kretstinget.

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

c/o Mats Brunsvik, Gate 3, nr. 31, 6700 Måløy

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no

Datoen for KBK er uklar, for kretsstyret har fått melding om at den foreslåtte datoen er vanskeleg for Systrond 1 pga. Kjeringi Open. Dei foreslår nokre datoar tidlegare i mai, men desse er konfirmasjonshelgar dei fleste andre stader i fylket. Vi tek dette opp på gruppeleiarsamlinga, og datoen blir endeleg bestemt på kretstinget.

Sak 8 Kretsleir -> kvar/kven?

Kretsstyret må gå i gang med å finne kretsleirkomiteé. Vi har nokre personar i siktet, men gruppene blir inviterte til å hjelpe med dette. Vi tek det også opp på gruppeleiarsamlinga.

Refvik i Vågsøy kan vere ein aktuell stad, men dette må vere opp til komiteen.

Sak 9 Diverse

9.1 Oppsummering av JOTA/JOTI

Vi har fått nokre tilbakemeldingar frå Teigen om korleis staden vart forlaten etter samlinga. Dette er opp- og avgjort og vi er velkomne tilbake neste år, men i forkant vil vi snakke med gruppene om oppførsel. I tillegg har vi meldt tilbake at vi ynskjer at det blir utarbeidd ei sjekklister som ein kan gå gjennom før ein forlèt staden.

Wenche har elles arbeidd litt med nokre enkle reglar for arrangementa våre. Desse vil vi kome tilbake til.

9.2 Ny bannerstong

Systrond 1 har etterspurt ei bannerstong som kan delast. Den vi har no, kan vere vanskeleg å få med i bil o.l. Stengene på Speider-sport er veldig dyre, men Mats kan kanskje få ordna den noverande stonga i Måløy. Han avtalar med Systrond om dette.

9.3 Møteplan?

Vi diskuterte om vi skulle setje opp ein møteplan for ein lengre periode framover, men vi fann ut at det er betre å ta det frå møte til møte.

Neste møte blir kl. 11 før gruppeleiarsamlinga på Skei. Dette blir truleg berre eit arbeidsmøte.

Møtet slutt kl. 22.35.

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

c/o Mats Brunsvik, Gate 3, nr. 31, 6700 Måløy

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no

Referent:
Eirik Ulltang Birkeland

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

c/o Mats Brunsvik, Gate 3, nr. 31, 6700 Måløy

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no

Member of the World Organization of the Scout Movement (WOSM) and the World Association of Girl Guides and Girl Scouts (WAGGGS).